



Bergsdalen jordbrukslag
v/ / Helge Terje Fosse

Referanser:
Dykker:
Vår: 21/238 - 21/2758

Saksbehandlar:
Tore Henrik Øye
tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

Dato:
22.03.2021

OFFENTLEG HØYRING - FRAMLEGG TIL NY, LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL I VAKSDAL KOMMUNE - INNKORTING AV SPREIEFRIST.

Framlegg til ny, lokal forskrift om spreiing av husdyrgjødsel på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune, vert no sendt på høyring til aktuelle høyringspartar, sjå adresseliste.

Framlegget til ny forskrift skal erstatte dagens forskrift. Endringa er knytt til innkorting av perioden for spreiing av husdyrgjødsel utan nedmolding. Forskrifta legg opp til følgjande, nye spreiefristar:

- Fram til og med 1. september for godkjende spreieareal over 200 m.o.h.
- Fram til og med 15. september for godkjende spreieareal opp til og med 200 m.o.h.

Dagens lokale forskrift har til og med 1. oktober som frist for spreiing av husdyrgjødsel utan nedmolding for alt godkjend areal i kommunen.

Kommunedirektøren sender ut høyringa på vegne av Formannskapet. Kommunestyret skal fatte endelig vedtak i saka.

Høyringsfrist og høyringssvar

Høyringsfrist er sett **til fredag 23 april 2021**. Høyringssvar vert å sende til Vaksdal kommune, Konsul Jebsensgt. 16, 5722 DALEKVAM, E-post; post@vaksdal.kommune.no.

Endring, med konsekvensar og grunngjeving

Framlegget til forskriftsendring er knytt til § 3 «Spreiefrist», andre ledd.

Ordlyden i § 3 andre ledd i gjeldande forskrift, er:

«På godkjend spreiingsareal kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav i vekstsesongen

fram til og med 1. oktober».

Ordlyden i § 3 andre ledd i framlegget til ny forskrift, er:

- «*På spreieareal som ligg opp til 200 m.o.h. kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding fram til og med 15. september».*

Høyningsframlegget legg opp til at det ikke er høve til å spreie husdyrgjødsel uten nedmolding på godkjende spreieareal som ligg meir enn 200 m.o.h. etter 1. september, som er lik fristen i sentral forskrift. For areal opp til og med denne høgdegrensa, er spreiefristen sett til og med 15. september.

Framlegget til endring tek utgangspunkt i omsynet til vassmiljøa i Bergsdalselva og Eksingedalsvassdraget (øvre og midtre delar). I tillegg kjem omsynet til jorda si evne til å ta opp næringsstoff, som grunnlag for grasvekst til fôr (slått eller beite), jf. nærmere informasjon i det følgjande.

Bakgrunn for framlegget til endring

Vaksdal kommune har sidan 22.06.15 hatt lokal forskrift om spreieing av husdyrgjødsel i Vaksdal kommune. Forskrifta utvidar sentral forskrift sin frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding på alt godkjend spreieareal i kommunen, frå 1. september til 1. oktober. Vedtaket vart fatta av kommunestyret, med heimel i sentral forskrift § 23 tredje ledd.

I brev frå Statsforvaltaren i Vestland av 29.06.20, vert det peika på at kommunen har ei særleg rolle i arbeidet for å nå målet om eit godt vassmiljø. Her går det fram at god vasskvalitet er eit vilkår for å gje utsett frist for spreieing av husdyrgjødsel, gjennom lokal forskrift. *I dette høve har ikkje kommunen høve til å utvide fristen i nedslagfelt til vassdrag som er påverka av avrenning frå jordbruksfelt*, jf. «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 tredje ledd.

Med bakgrunn i registreringar i «Vann-nett» (www.vann-nett.no), trekk Statsforvaltaren fram følgjande vassførekommstar i Vaksdal som påverka av avrenning frå jordbruksfelt:

Vassførekommst	Påverknadsgrad	Påverknadstype
Bergsdalselvi (061-235-R)	Diffus avrenning frå fulldyrka jord	Middels grad
	Diffus avrenning frå husdyrhald/husdyrgjødsel	Middels grad
Bergsdalselvi utløp kraftverktunnel – Kaldestad kraftverk (061-267-R)	Diffus avrenning frå annan jordbrukskjelde	Middels grad
Bergsdalselvi nedstrøms utløp Kaldestad kraftverk	Diffus avrenning frå annan jordbrukskjelde	Middels grad
Eksingedalsvassdraget – midtre Lavik – Nese (063-190-R)	Diffus avrenning frå husdyrhald/husdyrgjødsel	Middels grad

- *Sjå vedlagte lenker til «Vann-nett».*

Det går òg fram av brevet at øvre delar av Eksingedalsvassdraget, med innsjøar og terskelbasseng, er påverka av jordbruksverksemd.

Statsforvaltaren rår frå lokal forskrift om utsett frist for gjødselspreiing langs vassførekomstar med stor, middels eller ukjend påverknad. Tilhøve knytt til bruk av husdyrgjødsel er i slike høve orsak til dårleg vasskvalitet, eller risiko for dårleg kvalitet.

Med bakgrunn i regelverket og informasjonen om vasskvalitet i «Vann-nett», seier Statsforvaltaren at kommunen bør endre/oppheve gjeldande forskrift for nemnde vassførekomstar.

Kommunen si vurdering

INNKORTING AV SPREIEFRIST I EKSINGEDALVASSDRAGET OG BERGSDALSELVA TIL 1. SEPTEMBER

Kommunedirektøren legg «Vann-nett» sine registreringar/vurderingar av vassmiljøet i Bergsdalselva og øvre/midtre delar av Eksingedalsvassdraget til grunn for framlegg til innkorting av spreiefrist langs vassdraga. Statsforvaltaren si oppmoding om å oppheve gjeldande forskrift om utvida spreiefrist langs førekomstane, vert fulgt opp gjennom framlegg til ny forskrift.

Statsforvaltaren skriv at kommunen må vurdere kva areal som kan inngå i ei eventuell vidareføring av utvida spreiefrist. Føresetnaden er god vasskvalitet i aktuelle vassførekomstar langs spreieareala, med liten sjanse for redusert kvalitet.

VASSDRAG MED LITEN PÅVERKNAD FRÅ LANDBRUKET

I følgje informasjon i «Vann-nett», er nedre delar av Eksingedalsvasdraget (Ekso), om lag frå Høvik og ned til Eidslandet, lite påverka av næringssalter frå landbruket. Elva fører laks og sjøaure, og har stor biologisk verdi. Det er jordbruksareal i aktiv drift langs delar av strekninga. Terrenget er relativt flatt, og elveavsetningar gjev god grasvekst og drenering i grunnen.

Daleelva har også lite innhold av næringssalter i følgje «Vann-nett». Jordbruksareala langs den regulerte og lakseførande elva, er hovudsakleg knytt til Dalegarden og Johagen. Det er ei forbodsone mot spreieing av husdyrgjødsel ved kommunen sine brønnar for drikkevatn på Dalegarden.

Sædalselva renn i Sædalen på Vaksdal, med jordbruksareal på begge sider. Den dyrka jorda er relativt vassjuk, og naturleg drenering er avgrensa. Overflateavrenninga til vassdraget vert likevel sett på som avgrensa, grunna nærest flatt landskap i dalføret. Men avrenning kan skje via sidebekker og etablerte grøfter på jordbruksareal. Målingar viser lite teikn på ureining frå jordbruket, i følgje «Vann-Nett». Kommunen har drikkevassbrønnar i området, med forbodsoner for spreieing av husdyrgjødsel.

FRAMLEGG TIL OMRÅDE MED SPREIEFRIST FRAM TIL OG MED 15. SEPTEMBER

Ut frå vurdering av vasskvalitet og andre miljøforhold, går Kommunedirektøren inn for å setje frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding på areal under 200 m.o.h, til 15. september. Dette inkluderer areal i nedre delar av Eksingedalen (frå Høvik), på Eidslandet, Stamnes og Straume, og frå Dalseid til Stavenes. Bakgrunnen for utvalet er at gjeldande areal ligg i lågareliggjande område, med relativt lang vekstsesong, der tre slåttar og beiting etter 1. september kan vere aktuelt. I dette høve vil næringsstoffa og gjødselverdien kunne nyttast til grasvekst som før. Vurderinga er vidare at denne «høgdesona» har klimatiske forhold som kan gje grunnlag for utsett spreiefrist.

Område som Stamnes, Straume og Stavenes har liten problematikk knytt til vassdrag, men avrenning til fjord. Sauehald er den dominerande produksjonen i områda, og kommunen er ikkje kjend med informasjon om sårbar vasskvalitet i fjordsystema grunna avrenning frå jordbruket.

HØVE FOR Å SØKJE OM UTSETT SPREIEFRIST

På areal der lokal forskrift ikkje gjeld, kan ein søkje om utsett spreiefrist. Ved eit eventuelt løyve, vil det vere aktuelt å setje vilkår.

LAGERKAPASITET FOR HUSDYRGJØDSEL

For liten lagerkapasitet for husdyrgjødsel kan vere årsak til søknad om utsett spreiefrist, men gjev i seg sjølv ikkje grunnlag for utsett frist i høve til regelverket. Kommunen vil i dette høve peike på aktuelle, økonomiske verkemiddel for å styrke lagerkapasiteten.

Konklusjon

Med bakgrunn i «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 tredje ledd, brev frå Statsforvaltaren og registrert vasskvalitet for vassførekomstar i «Vann-Nett», går Formannskapet inn for å oppheve "Forskrift om spreieing av husdyrgjødsel, Vaksdal, Hordaland (FOR-2015-06-22-7)». Framlegget vert gjort av omsyn til vasskvaliteten i vassdrag som er påverknad av landbruksdrift.

Som erstatning for forskrifta, vert det gjort framlegg om å innføre ny, lokal forskrift om utvida spreiefrist for husdyrgjødsel utan nedmolding på godkjende spreieareal under 200 m.o.h, jf. «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 tredje ledd.

Gjeldande areal ligg i nedslagsfelt til vassdrag med liten påverknad frå landbruket, og årleg frist for spreieing vert sett til og med 15. september.

Alle andre spreieareal i kommunen vil ha 1. september som frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding, som i sentral forskrift.

Innstillinga er at ny forskrift vert gjeldande frå og med 01.01.22. Fram til den tid gjeld noverande forskrift.

Kommunestyret skal ta endeleg stilling til framlegga etter gjennomført høyring

Med helsing

Helge Berset

Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Tore Henrik Øye

Rådgjevar landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

FRAMLEGG, NY LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL

AKTUELLE LINKAR TIL «VANN-NETT»:

- Bergsdalselvi (061-235-R): <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/061-235-R>
- Bergsdalselvi utløp kraftverks-tunnel – Kaldestad kraftverk (061-267-R): <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/061-267-R>
- 061-266 R Bergsdalselvi nedstrøms utløp Kaldestad kraftverk: <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/061-266-R>
- 063-190-R Eksingedalen midtre Lavik – Nese: <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/063-190-R>
- 063-193-R Eksingedalsvassdraget midtre Bergo – Lavik: <https://www.vann-nett.no/portal/#/waterbody/063-193-R>

MOTTAKARAR:

Bergsdalen jordbrukslag

Dale Jakt & Fiskarlag

Eksingedalen/Vaksdal bondelag

Statsforvaltaren i Vestland

Vaksdal kommune

Vestland fylkeskommune

Voss Bonde- og Småbrukarlag

Postboks 30

5721

DALEVAM

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Konsul Jebsensgata 16

5722

DALEVAM

Postboks 7900

5020

BERGEN